

Sjøhuset vert bygd oppatt som tvillingnaust.

01.08.2019



Trygve Harald Hermansen og Dag Hermansen reiser to naust med loft på ein del av grunnflata til Sjøhuset.

Sjøhuset på Neset vart rive ned og knust i stormen Nina i 2015. Fire år etter vert sjøhuset bygd opp att som tvillingnaust med eit byggeareal på 64 kvadratmeter. Sjøhuset frå åra rundt 1900 var mest dobbelt så stort. Den totale flata på 120 rutemeter vert no brukt til to naust med loft og eit større uteareal. Brørne Trygve Harald og Dag Hermansen er byggherre. Ansvarleg entreprenør er Byggmester Stensletten.

Det var Gjert Kjærland som flytta sjøhuset frå Ljosnes til Neset. Det var truleg nokre år før hundreårsskifte. Sjøhuset var viktig i ei tid bruket hadde not, båtar og alt utstyret som høyrde til eit notlag. Det måtte vera plass til fiskeutstyr og ikkje minst eit loft der ein kunne barka og turka nota. Bruk 10 på Neset hadde i tillegg vanleg naust.

Sjøhuset på Neset stod på ein solid grunnmur ut i sjøen. Det var grindkonstruksjonen og det tunge helletaket som heldt bygget på plass. Dag Hermansen kan ikkje sjå at botnstokkane har vore fundamentert til grunnmuren. Med åra har det vore utført mykje vedlikehald og sikringsarbeid på sjøbua, men i 2015 var det slutt. Den sterke stormen Nina førte til at konstruksjonen svikta og eit viktig landemerke i Uskedalen var borte.



Modellen syner korleis tvingnausta vil sjå ut med vindaugo og naustdører.

Det er støypt ny ramme og grunnmuren er forsterka og løfta 50 cm. Det meste av grunnarbeidet og førebuaende rutinearbeid er gjort av eigarane sjølve. Byggmester Stensletten sine snikrar reiser sperr, legg tak og ferdigstiller bygget. Det vert lagt vatn inn til veggen. Det vert vurdert å bruka solceller for produksjon av elektrisitet. Avløp er ikkje rekna med i denne omgang.

Dag og Trygve Harald Hermansen har teikna og prosjektert tvingnausta. Det er laga modell og bygget er sikra godt mot sterk vind. Bygget skal vera tett før hausten.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sjøhuset på Neset var som eit landemerke i Uskedalen fram til 2015 då stormen Nina braut bygget ned. (Foto: Nordahl 1953)

